15.09.2026

Referanseperson i Sabima: Gaute W. Sælen-Hennig

Sabima sitt høyringsinnspel til «Helhetlig tiltaksplan for en ren og rik Oslofjord med et aktivt friluftsliv»

Sabima vil med dette kome med innspel til tiltaksplanen for Oslofjorden som regjeringa la på høyring den 19.06.2026.

Sabima vil rose regjeringa for ein generelt sett god tiltaksplan som legg opp til fleire konkrete og spesifikke tiltak for å nå måla sett for Oslofjorden. Sjølv om det har skjedd mykje positivt knytt til arbeidet med å betre tilstanden i og rundt fjorden, så er gjennomgåande konklusjon så langt at det har skjedd for lite for seint. Det er derfor bra at regjeringa nå legg opp til ei opptrapping av innsatsen, men Sabima meiner likevel at tiltaksplanen ikkje går langt nok for å nå måla om ein rein og rik Oslofjord. Sjølv om det er mange gode tiltak, så er det ikkje nok, og mange har i tillegg for lang frist for implementering, då dei i realiteten allereie burde ha vore innført. I tillegg er det ein stor svakheit i at mange av tiltaka går ut på å vurdere og greie ut, og at det er relativt få konkrete tiltak som skal implementerast så snart som mogleg. Sabima har forståing for at nokre av tiltaka kan ha negative påverknadar for andre samfunnsområde, og at det derfor må greiast ut før implementering. Me vil uansett understreke at ein på mange av tiltaka har allereie har nok kunnskap til å vedta implementering, og Sabima meiner her at tida fram til tiltaka trer i kraft heller bør brukast på å greie ut kompensasjonar/avbøtande tiltak for andre samfunnsinteresser for å minske negativ påverknad. Likevel må ein godta at nokre av tiltaka vil ha negative konsekvensar for andre samfunnsinteresser, og at arbeidet med å redde Oslofjorden er så presserande at dette må prioriterast over andre samfunnsinteresser. Dagens tilstand i Oslofjorden er nettopp eit resultat av at naturen og naturmiljøet har blitt nedprioritert gong på gong, og det er derfor på tide at naturen nå blir hovudprioritet. Sjølv om det er knytt store kostnadar til fleire av tiltaka, så vil det på sikt vere dyrare å la vere. Jo lenger ein ventar med å sette i gong med naudsynte tiltak, jo dyrare vil det bli. Dette blir også beskrive i tiltaksplanen. Fleire tiltak vil også på sikt lønne seg, og gje positive ringverknadar for både samfunn og natur.

Sjølv om Sabima i prinsippet er veldig samd i at forureinar betalar -prinsippet skal følgast, også i Oslofjorden, så er det også fleire tiltak som er såpass dyre at summen av kostnadar som blir lagt på innbyggarar kan potensielt vere veldig store. Viss det blir lagt for store kostnadar over på innbyggarane, kan dette føre til misnøye og manglande oppslutning rundt det viktige arbeidet som må bli gjort for å nå dei ambisiøse – men naudsynte – måla som er sett i planen. Regjeringa bør derfor vurdere om det på fleire tiltak skal opprettast støtteordningar, eller andre økonomiske verkemiddel, for å avhjelpe innbyggarar, foreiningar, lag og organisasjonar med å gjere dei naudsynte investeringane og tiltaka som trengs, sjølv om det ikkje er i samsvar med forureinar betalar -prinsippet. Samtidig er det særs viktig at ein opprettheld den gode dugnadsanden som er for Oslofjorden. For å behalde støtta til det omfattande arbeidet som skal til, er det viktig at det ikkje blir gitt unntak og dispensasjonar til enkeltaktørar som har ein negativ verknad på Oslofjorden. Sjølv om enkelttiltak i seg sjølv ikkje har den største effekten på naturmiljøet, så er den symbolske effekten desto større. Slike unntak kan føre til at Oslofjordarbeidet mistar legitimitet og støtte hjå befolkninga, noko som er vel så skadeleg. Kvifor skal ein enkeltperson gjere store investeringar i avløpsanlegg, avstå frå å fiske og godta avslag på utviding av terrassen som allereie finst i strandsona, mens industriverksemda rett ved får lov til å fylle ut i strandsona og sleppe ut store mengder nitrogen? For at ein framleis skal ha alle med på laget og ha brei støtte bak planen og arbeidet med ein frisk og rein Oslofjord, er det veldig viktig at det blir ein slutt på alle enkeltunntak, spesielt når det er statlege interesser som står bak.

Sabima vil understreke kor viktig det er at regjeringa sørger for at gjennomføringen av planen blir pliktig for berørte sektormyndigheter. Arbeidet med Oslofjordplanen er på ein måte ein litt pussig parallell prosess til dei regionale vassforvaltningsplanane, og hadde strengt tatt ikkje vore naudsynt viss arbeidet i vassregionene hadde følgt intensjonane i vassdirektivet. Med Oslofjordplanen, som ei unik miljøsatsing innanfor eit nedbørsfelt som svarar til ein stad mellom 25 og 30% av Noregs fastlandsareal, må det derfor bli stilt tydelege krav om god og forpliktande deltaking frå sektormyndigheiter. Oslofjordplanen vil, slik me forstår det, støtte opp under – og på mange område bli førande – for det pågåande arbeidet i vassregionene i Oslofjorden sitt nedbørsfelt.

Sabima vil uansett nytte anledninga til å rose regjeringa for ein god og ambisiøs plan, men meiner at den kan gå endå lenger i å få på plass meir konkrete og ambisiøse tiltak for at me i framtida kan ha ein rik og levande Oslofjord der me lever i samspel med fjorden og naturen rundt.

Under kjem det spesifikke kommentarar og innspel knytt til dei forskjellige kapitla i tiltaksplanen.

Innsatsområde 1: redusere utslepp frå kommunalt og anna avløp

Sabima syns situasjonsbeskrivinga i planutkastet er godt, og det er bra at det blir framheva at det er store behov for omfattande investeringar i kommunale vass- og avløpsanlegg i tida framover. Det er bra at regjeringa jobbar for å innføre EUs reviderte avløpsdirektiv, noko som me ser som essensielt å få innført i Noreg så fort som mogleg. Det bør også leggast opp til at investeringar som blir gjorde i avløpsanlegg no, er dimensjonerte for framtidige krav til avansert reinsing av legemiddelrestar, miljøgifter og andre mikroforureiningar, slik at ein ikkje kjem i ein situasjon der ein må gjere store investeringar igjen om 10-15 år.

Men for at kommunane skal ha råd til å gjere dei investeringane som trengs i infrastruktur knytt til avløp (leidningsnett og reinseanlegg), er det behov for andre verkemiddel enn det som finst i dag. At kommunar har ansvar for dette området, og at det er eit sjølvkostprinsipp gjennom at innbyggarar betaler for dette gjennom kommunale avgifter er i tråd med forureinar betalar -prinsippet, og er i utgangspunktet rett og rimeleg. Men, nå er me i ein situasjon der desse investeringane må bli gjorde så fort som mogleg som ein del av ein større fellesinnsats for fjorden, og med tanke på størrelsesorden på desse investeringane, kan kommunane blir sett i ein veldig vanskeleg situasjon, og for høge kostnadar for innbyggarar kan føre til misnøye og lågare støtte/legitimitet til oslofjordarbeidet. Her meiner Sabima at staten kanskje må sjå på om det er andre måtar kommunane kan få støtte til å gjere naudsynte oppgraderingar i avløpsinfrastruktur, t.d. gjennom gunstige låneordningar, rentefritak og andre verkemiddel for å hjelpe kommunane til å få gjort naudsynte investeringar utan at byrden for innbyggarar blir for stor. Dette arbeidet er for viktig til at ein berre skal handle ut frå kva som er prinsipielt riktig. Sabima vil også påpeike at det er veldig bra at kommunar blir rettleia på å ikkje godkjenne reguleringsplanar og byggetiltak som kan forverre utsleppssituasjonen. Det er på høg tid at plan, miljø og avløpsansvarlege i kommunar ser heilskapleg på avløpssituasjonen i kommunen, og sørger for at vidare utvikling av kommunen er i samsvar med miljømål for Oslofjorden.

Det er vel og bra at kommunar og Statsforvaltar blir instruert til å kontrollere og følge opp avløpsanlegg, men det må også følge med ressursar til dette store arbeidet. Kommunar må sette av nok ressursar til å følgje opp kommunale anlegg, samt spreitt avløp, og legge opp til at flest mogleg blir kopla på kommunale avløpsanlegg. Det er også viktig at statsforvaltar blir tilført nok ressursar til å kontrollere at kommunar følg reinsekrav jamfør regelverk. At det er såpass stort fokus på at regelverk skal følgast er i seg sjølv merkeleg, då dette burde ha vore ein sjølvfølge, men det tyder på at dette har vore eit område der ein har vore for lausslupne over lang tid, og det er bra at det endeleg er fokus på det.

Tiltaket om at alle avløpsreinseanlegg i den enkelte kommune skal oppfylle forureiningsforskrifta sine krav burde hatt ein konkret frist, og ikkje vere løpande slik som føreslått. Sabima meiner at ein konkret frist, med rett bruk av verkemiddelapparat, vil føre til at kommunane får meir tydelege og konkrete rammar å jobbe under, men større sjans for at det blir gjort riktige avgjersler og prioriteringar for å nå måla som er sett.

Innsatsområde 2: redusere avrenning frå jordbruket

Avrenning frå jordbruk er den største kjelda til nitrogentilførsel i fjorden, og samtidig er det her store reduseringpotensial (jf. NIVA sin modellrapport), og det er derfor bra at regjeringa legg opp til styrka innsats på dette området i denne planen. Men igjen, så manglar forslag til ny handlingsplan tiltak som er konkrete nok, og det er fleire område innan jord- og landbruk som ikkje er nemnt i planen i det heile. Redusert haustpløying, samt økonomisk støtte til frivillige tiltak er bra (gjennom SMIL og RMP), og jordbruksnæringa har allereie gjort ein stor innsats for å redusere avrenning av næringsstoff og partiklar til vassdrag, der kombinasjon av tiltak, etter modellerte berekningar, har redusert tilførselen av partiklar til fjorden med over 70 % samanlikna med 2021. Det er fantastisk og visar at det er mogleg å få til endring – men det monnar ikkje nok.

For å nå måla sett i planen om redusert nitrogentilførsel og god tilstand i Oslofjorden er det behov for kraftigare og meir konkrete tiltak, noko også modellrapporten til NIVA beskriv. Blant anna legg modellrapporten til grunn omfattande bruk av fangvekstar, og Sabima meiner derfor at regjeringa må følge opp dette i tiltaksplanen med strengare og meir absolutte krav om bruk av fangvekstar, vegetasjonssoner og ugjødsla randsoner mot vassdrag. At det mest kraftfulle tiltaket her er «vurdering av styrka krav til vegetasjonssoner» er svakt, då ein her allereie har nok kunnskap om effekten av dette. Kantvegetasjon langs vassdrag spelar ei avgjerande rolle i å redusere avrenning av næringsstoff og partiklar, og Sabima meiner at ein her ikkje treng meir vurdering, men at det blir innført krav om vegetasjonssoner langs vassdrag frå og med 01.01.2028. Tida fram til implementering kan heller brukast til å vurdere korleis bønder kan bli kompensert for dette gjennom tilskot og andre ordningar for at dei ikkje skal bli råka av større tap enn naudsynt. Sabima meiner at det er essensielt at bønder blir kompensert godt nok for å gjennomføre naudsynte tiltak, slik at arbeidet med å redusere avrenning av partiklar og nøringsstoff ikkje blir endå ei økonomisk byrde på toppen av ei allereie pressa næring.

Sjølv om det er korn- og grønsaksproduksjon som har den største avrenningsproblematikken, så er det framleis svakt at grovforproduksjon ikkje er nemnt i tiltaksplanen i det heile. Når ein tenker nedbørsfeltet under eitt, er det også store areal med grovfôrproduksjon, der ugjødsla randsoner mot vassdrag vil kunne

ha ein positiv effekt på redusert næringstilførsel, og er også noko som burde bli innført som eit krav (men med kompensasjon for bøndene). Dette burde bli tatt med i revidert planforslag, både problembeskriving, samt tiltak med krav om bruk av ugjødsla randsoner mot vassdrag, i alle fall i dei største pressområda med tanke på næringsavrenning frå landbruket.

Vidare er det viktig å satse på frivillige miljøtiltak, men her er det viktig at tilskotssatsar er gode nok til å vege opp for eventuelle tap i inntekt og ekstraarbeid som tiltaka fører med seg. Så vil Sabima også påpeike at det er veldig viktig at ein prioriterer tiltak som både er positive for naturmangfald og redusert avrenning av næringsstoff, og at ein tar i bruk naturbaserte løysingar som t.d. varierte og breie soner med kantvegetasjon, samt restaurering og gjenopning av vassdrag som går gjennom landbrukslandskapet. Dette burde følgast opp med eige punkt i tiltaksplanen, der regjeringa forpliktar seg til å følge opp med spesifikke midlar til formålet i jordbruksforhandlingane.

Tiltaksplanen nemner at punktutslepp og avrenning av husdyrgjødsel og silosaft i stor grad har blitt førebygd gjennom strengare regelverk. Likevel meiner Sabima at det er stort potensiale for betre oppfølging av desse regelverka, noko som burde ha vore adressert i tiltaksplanen. Det er mykje gamal infrastruktur og vedlikehaldsetterslep, og punktutslepp av husdyrgjødsel kan føre til store negative konsekvensar for vassdrag og vassmiljø. Det er derfor viktig at kommunane må få god nok opplæring, samt at dei har nok ressursar til å følgje opp regelverk knytt til lagring og handtering av husdyrgjødsel, silosaft, sprøyting, samt anna potensiell forureining.

Sabima meiner at det er ein stor svakheit i forslaget til tiltaksplan at skogbruk og avrenning frå skogbruksverksemd ikkje er nemnt i det heile. Det er mykje skogsverksemd i nedbørsfeltet, og det er diverre ikkje uvanleg med mykje avrenning av både partiklar og næringsstoff til vassdrag frå hogstfelt. At dette ikkje blir adressert i det heile i planen er uheldig, og burde bli inkludert, med tilhøyrande tiltak som forpliktar skognæringa til å gjere førebyggande og avbøtande tiltak for å hindre avrenning til vassdrag.

Innsatsområde 3: Stanse nedbygging

Strandsona og gruntvassområde er nokre av dei mest produktive og viktige områda me har for biologisk mangfald, men er også nokre av dei områda som er mest utsett for menneskeleg press, då spesielt utbygging.

Av hovudmåla frå førre planperiode, så er det eit mål der ein ikkje har klart å gjere tiltak for å snu den negative utviklinga, og det er knytt til nedbygging av strandsona. Problemsbeskrivinga i denne tiltaksplanen er veldig god, og viser alvoret i at

kommunane ikkje klarar å handheve regelverket strengt nok for å nå målet om redusert nedbygging i strandsona. Men, med ei så tydeleg problembeskriving er det skuffande at regjeringa ikkje kjem med fleire konkrete og tydelege tiltak. Tiltaket om statlege planretningslinjer for gruntvassområde i sone 1 er veldig bra, så er det viktig at desse blir strenge nok og blir praktisert ute i kommunane slik at det får ein faktisk effekt.

Eit stort problem med dagens praktisering av strandsoneregelverket er utstrekt bruk av dispensasjonar, og kommunane har alt for lenge praktisert ein for lausslupen strandsonepolitikk. At det derfor blir vurdert å flytte dispensasjonsrett til statsforvaltar for kommunar som ikkje følg føringane om dispensasjon i strandsone og gruntvassområde er veldig bra, men det er svakt at det ikkje er sett ein frist for dette. Sabima anbefaler at dispensasjonsretten uansett skal flyttast til statsforvaltaren frå og med 2027, då kommunane allereie har forspelt sin sjanse til å vise at dei kan ta vare på strandsona og gruntvassområde. Dette bør i alle fall skje i sone 1 og dei hardast pressa områda, då me ikkje har tid til å vente til strandsona og gruntvassområda blir bygd ned endå meir før det blir tatt skikkeleg grep. Statsforvaltaren som dispensasjonsmynde vil kunne ha eit større overblikk over samla belastning i strandsona og gruntvassområde på tvers av kommunegrenser, og vil derfor vere i stand til å ta avgjersler på eit meir heilskapleg kunnskapsgrunnlag med tanke på naturverdiar.

Sabima meiner også statsforvaltaren sin moglegheit til å få overført dispensasjonsrett for kommunar som ikkje følg føringane om dispensasjon i strandsone og gruntvassområde ikkje berre skal gjelde sone 1, men i heile Oslofjord-området, då ein har fleire stader der strandsona er under press. For at tiltaket skal ha ein effekt, må det også vere låg nok terskel for at statsforvaltar faktisk grip inn. Sabima er redd dette tiltaket blir for skjønnsbasert og utydeleg, slik at det faktisk ikkje vil bli tatt i bruk. Sjølv om sjølvråderetten og lokaldemokratisk forankring i kommunane er viktig, har ein alt for lenge sett at kommunane har gått på tvers av statlege planretningslinjer og føringar, og det er derfor på høg tid at det blir stramma inn slik at ein får stansa den negative trenden med nedbygging i strandsona og gruntvassområde.

Samtidig meiner Sabima at kommunane må få støtte i dei vanskelege sakane som omhandlar strandsona, då dei ofte er opp mot sterke utbyggingskrefter. Me stiller oss derfor undrande til juridisk bistand til kommunar i strandsonesaker ikkje er vidareført i nytt forslag til tiltaksplan, sjølv om presset på strandsona ikkje har blitt mindre. Med mindre det er ei god grunngjeving for dette, meiner Sabima at dette burde bli vidareført også i ny plan for Oslofjorden.

Innsatsområde 4: Restaurering av naturverdiar

Noreg har gjennom naturavtalen forplikta seg til å iverksette restaurering av 30% av forringa natur innan 2030, og det er behov for auka innsats på dette området for å nå det målet. Det er derfor veldig bra at regjeringa har tildelt midlar til restaurering i 2026, inkludert ei tilsegnsfullmakt som gjer at også fleirårige prosjekt kan få støtte, då restaurering tar tid, krev samhandling mellom fleire aktørar og ofte går over fleire år. I det store å det heile heiar Sabima på alle tiltaka som er lista opp på dette området.

Tiltaket som går ut på å utarbeide ein samla restaureringsstrategi med tilhøyrande kartressursar er veldig bra, og vil vere til stor hjelp i framtidig restaureringsarbeid. Men det trengs meir ambisiøse mål og oppfølging av desse. Naturavtalen sitt mål om 30 % restaurering er eit nasjonalt mål, men blir ikkje brote ned til noko konkret for Oslofjorden i denne planen. Regjeringa burde derfor sette eit eige mål om 30 % vedtatt restaurering innan 2030 av både marine, akvatiske og terrestriske økosystem knytt til Oslofjorden. I tillegg er det mange punkt som går ut på å vurdere i staden for å greie ut og implementere, noko som er for lite ambisiøst når ein allereie har nok kunnskap om viktigheita av restaurering. Til dømes er punkta om tiltak for å auke etablering av stadeigen kantvegetasjon eit tiltak som ikkje trengs å bli vurdert nærare. Her burde ein heller ha tiltak som greier ut korleis ein kan etablere mest mogleg stadeigen kantvegetasjon langs vassdrag, i lag med både frivillige, grunneigarar og det offentlege, med mål om implementering frå og med 01.01.2028. Tiltaket om forenkla søknadsprosess fr marine restaureringsprosjekt under akvakulturlova er også noko som burde greiast ut i staden for å bli vurdert.

Innsatsområde 5: Redusere tilførsel av miljøgifter, forsøpling og plastforureining

Også på dette området er det ei god problembeskriving, og det er mange gode tiltak som er føreslått i planen. På dette området er det viktig at regjeringa jobbar både nasjonalt og internasjonalt med innføring og implementering av det strengaste tilgjengelege regelverket. I Oslofjorden, som historisk sett har blitt utsett for store mengder miljøgifter, er det ekstra viktig at det er god oppfølging og kontroll av næringsverksemd som har utslepp til fjorden eller til vassdrag som endar opp i fjorden.

Ny forskrift som regulerer og stiller krav om sandfang er veldig bra, og bør implementerast så snart som mogleg. Det bør også tilførast meir midlar til forureiningsmynde til å gjennomføre tilsyn og kontrollar av verksemder som har utslepp av potensielt skadelege stoffar til fjorden og omliggande vassdrag og landområde.

Ny forskrift om forureining frå opplagsplassar til fritidsbåtar er også bra, og her bør det vurderast tilskotspott for å hjelpe båtforeiningar og andre opplagsplassar med å etablere naudsynt infrastruktur for å unngå forureining.

At det endeleg kjem på plass eit forbod mot utildekka isopor/skumplast i flytebrygger og anna flyteelement er bra og på høg tid. Sabima meiner derimot at det bør vere ein tidlegare frist (01.01.28), samt at det også må vere krav om å dekke til undersida av slike flyteelement. Sjølv om det ikkje er så mykje fysisk slitasje av undersida gjennom bølger og is, er det framleis utsett for forvitring, tilgroing og andre prosessar/hendingar som vil føre til utslepp av plast i lang tid. Sabima ser altså ikkje grunn til at det ikkje skal stillast krav om fullstendig tildekking av isopor/skumplast i flytebrygger og andre flyteelement.

Spøkelsesfiske er eit stort problem i alle marine miljø, men i Oslofjorden, der ein har hatt såpass konsentrert grad av høg fiskeriinnsats, er kanskje problemet ekstra prekært. Det er derfor essensielt at ein trappar opp innsatsen med å samle inn tapte fiskereiskap. Fiskeridirektoratet har ikkje stor nok kapasitet til å følge dette godt nok opp, og her bør ein i større grad bruke yrkesfiskarar og andre som både har utstyr og kompetanse enn det ein gjer i dag. Dette har vist seg å vellukka i nokre område, og burde derav bli skalert opp til å gjelde heile fjorden. For å få til dette må det også følgast med meir midlar for å oppnå gode resultat. Det bør også vurderast tiltak som kan vere med på å redusere risikoen for framtidig spøkelsesfiske. Dette kan til dømes vere krav om bruk av biobaserte og nedbrytbare fiskereiskap, samt strengare krav til merking av fiskereiskap. Med stor nok innsats kan ein kanskje sette mål om spøkelsesfiskefri fjord innan 2040? Gamalt fiskeriutstyr er ikkje det einaste avfallet som ligg i fjorden, og det er store mengder søppel og andre gjenstandar som ligg på botn langs heile kystlinja. Her er det mange gamle synder som har potensiale til å vere ei pågåande forureingskjelde i mange år framover, og her saknar Sabima tiltak for å fjerne gamalt avfall frå fjorden. Her må innsatsen styrkast, og det må leggast til rette for auka innsats frå både det offentlege og frivillige.

Elles så er Sabima nøgd med tiltaket om å innlemme Oslofjorden i OSPAR-overvakinga. I tillegg er det veldig positivt at det skal utgreiast ein obligatorisk registreringsplikt for fritidsbåtar, og dette bør innførast så snart som mogleg.

Innsatsområde 6: Ivareta sårbare artar og framande naturtypar

Her er det også ei bra problembeskriving, men Sabima saknar ei beskriving av sårbare naturtypar på landområde i tilknyting til fjorden som er trua av både nedbygging, arealendringar og auka ferdsel, til dømes open grunnlendt kalkmark som er spesielt for Oslofjordområdet.

At økologisk kompensasjon blir tatt opp som eige tema er veldig bra, men det er tamme forslag. Her burde regjeringa gå lenger i å legge til rette for at arealnøytralitet skal ligge som premiss for arealforvaltning i og rundt Oslofjorden, og at økologisk kompensasjon SKAL bli tatt i bruk ved nedbygging av natur. Her er det også viktig at regjeringa fjernar barrierar i regelverk og legg til rette for at ein faktisk kan stille krav om økologisk kompensasjon med heimel i lovverk. For at økologisk kompensasjon skal vere gjennomførtbart på ein større skala er det også naudsynt med oversikt over restaurerbare areal i og rundt Oslofjorden.

Når det kjem til fiske og hausting av ressursar i havet så er det positivt med tiltak som sikrar betre kontroll av fiske, både i og utanfor nullfiskeområde. Samtidig er det også bra at ein skal greie ut eigne kvotar og utstyrsavgrensing for brislingfiske. Det er også veldig positivt med mål om minst eitt hummerreservat i kvar kommune. Hummerreservat har vist god effekt for både hummer, men også fleire andre marine artar, og her må staten og fiskeridirektoratet bidra med rettleiing og ressursar i etableringsprosessen for å få til gode prosessar som resulterer i effektive verneområde.

Punktet med å unngå etablering av kunstige sandstrender og nedbygging av ålegras, blautbotn og tareskog, er bra, då alle desse er viktige naturtypar som er med på å bidra til å bevare ein rein og frisk fjord. Det er også særs viktig at slike, samt andre viktige naturtypar, både på land, i og langs vassdrag, og i sjøen blir bevart og sikra i kommunal arealplanlegging.
Tiltaket som omhandlar utarbeiding av ein plan for handtering av massar frå infrastrukturtiltak rundt Oslofjorden er ambisiøst men bra, og Sabima forventar ein plan som legg opp til god gjenbruk og utnytting av overskotsmassar, samtidig som naturverdiar blir ivaretatt.

I punktet om framandartar kan det strykast at ein må vurdere styrking, dette arbeidet veit me allereie at må styrkast med ein betrakteleg auke i både innsats og ressursar. Dette gjeld både marine artar som stillehavsausters, men også ei rekke karplanter som fortrenger sårbare og trua naturtypar på land.
Sjøfuglar er blant dei dyregruppene som slit mest, og er blant dei som er mest utsette for menneskeleg aktivitet på og langs sjøen, også i Oslofjorden. Det er derfor veldig bra at det blir gjennomført endringar i sjøfuglreservat for å innskrenke ferdsel. Det bør også innførast ferdselsfrie og fiskefrie buffersoner rundt sjøfuglreservat og viktige område for sjøfugl, anten gjennom utviding av reservat, eller omsynssoner med føresegn i kommuneplan. Dette bør settast som krav til kommunane å gå gjennom og innføre innan 31.12.2027.

Sabima
Stans tapet av naturmangfold!
Mariboes gate 8, 0183 Oslo
Sentralbord: +47 22 36 36 41
www.sabima.no

Innsatsområde 7: Fremja eit aktivt friluftsliv

Det er positivt at regjeringa legg opp til auka tilgjengelegheit og friluftsaktivitet i og langs fjorden, men Sabima saknar adressering av at også friluftsliv og anna menneskeleg aktivitet kan ha negativ påverknad for det skjøre naturmangfaldet i og langs fjorden.

Me ser at god tilrettelegging for friluftsliv er viktig, ikkje minst for at folk skal få moglegheit til å oppleve – og bli glad i – fjorden og naturen rundt. Men, vidare tilrettelegging må basere seg på kunnskap om korleis ein kan ha eit aktiv og tilgjengeleg friluftsliv samtidig som ein unngår slitasje og stress på naturen. Dette er ein stor mangel i denne tiltaksplanen, og her må regjeringa følgje opp med eigne tiltak som sørger for at friluftsliv og naturmangfald kan gå hand i hand utan å påverke kvarandre negativt.

Til dømes har det vore stor satsing på kyststiar rundt Oslofjorden, men denne tilrettelegginga kan føre til auka ferdsel i dei få områda i strandsona som er relativt uforstyrra, med påfølgande negative konsekvensar for naturmangfald. Auka friluftsliv og anna menneskeleg aktivitet kan i nokre områder ha negative konsekvensar for naturmangfaldet. Til dømes er hekkande sjøfugl veldig sårbare for menneskeleg ferdsel i strandsona, båttrafikk kan skilje fugleungar frå foreldre, og bading og soling på svaberg kan slite vekk sårbare lavartar. Dette må adresserast gjennom eigne tiltak. Dette kan til dømes vere område med mindre tilrettelegging, eller til og med ferdselsforbod (i alle fall delar av året), kanalisering av ferdsel til område utan sårbart naturmangfald, i tillegg til informasjonskampanjar om friluftsliv og naturmangfald, og om korleis ein kan vere uti naturen utan at den tar skade av det. Blant anna bør etablering og tilrettelegging av nye kyststiar skje utanom sårbare og urørte kyststrekningar.

Sabima meiner at ein utan vidare vurdering kan krevje at badeflåter, bøyer, pontongar og flytebrygger som i dag har utildekka isopor/skumplast i offentlege friluftsområde, må bli erstatta med miljøvenleg alternativ som ikkje fører til forureining. Det finst allereie gode alternativ, og det er ikkje naudsynt med vurdering av dette tiltaket. Regjeringa bør sette i gong med dette tiltaket med ein gong, med mål om å ha skifta ut alle eldre og forureinande flyteelement innan 01.01.2029. Det må også tildelast midlar til dette for at det faktisk skal bli gjennomført.

Organisering av arbeidet

For at arbeidet med Oslofjorden skal ha legitimitet og støtte i befolkninga, samt at innbyggarar kan følgje anbefalingar og regelverk knytt til arbeidet med å betre miljøtilstanden i fjorden, så er det viktig med god og tilgjengeleg informasjon. At innbyggarar faktisk veit kva tiltak som har blitt gjort, kva tiltak som er under arbeid, og kva tiltak som er planlagt, både i regi av offentlege, frivillige og private aktørar,

kan vere særs verdifullt. I tillegg bør det informerast om kva reglar, føringar og anbefalingar som er gjeldande for dei områda og aktivitetar som er aktuelle for den enkelte. Forslaget om å lage ei felles nettside med oversiktleg informasjon om både tiltak, regelverk, aktivitetar og kontaktpersonar hjå ansvarlege myndigheiter syns Sabima derfor er eit veldig godt forslag. Til dømes kan ein her ha ei kartløysing som viser reguleringar, tur-/utfartsområde, og stadsspesfikke tiltak som er sett i verk/planlagt. Men, for at ei slik nettside skal fungere etter hensikt, så må det settast av ressursar, både til oppretting og administrering, der sistnemnte må gå over fleire år. Det bør derfor greiast ut kven som skal vere ansvarleg for ei slik nettside, for koordinering og innsamling av informasjon, samt korleis dette skal finansierast, med mål om lansering av nettside innan 01.01.2028.

Elles er det veldig positivt at Økokrim får plass i Oslofjordrådet, men dei bør samtidig sikrast nok midlar til å følge opp lovbrot, alt frå mindre regelbrot og kriminalitet, til større ulovlege byggesaker og tiltak i influensområdet. Det blir beskrive at det er store mørketal på lovbrot knytt til miljø, og dette er eit område som det må bli tildelt meir midlar til for meir omfattande oppfølging.

Det er også positivt at frivilligheita har sin plass i Oslofjordrådet, men det manglar representantar frå miljørørsla. Tilstanden i Oslofjorden er ei natur- og miljøkrise, og det er derfor rett og rimeleg at også natur- og miljøorganisasjonar får ein representant i Oslofjordrådet.

Økonomiske og administrative konsekvensar

For at ein skal lukkast i arbeidet med å redde Oslofjorden, må det settast av nok ressursar, både i form av personale, men og i reine midlar til tiltak. Dette kunne ha blitt betre spesifisert i tiltaksplanen med bindande tiltak om at det skal settast av nok midlar til gjennomføring av vedtatte tiltak i dei respektive budsjetta. Her er det særleg viktig at kommunane får nok midlar til å følgje opp arbeidet på ein god måte, på trass av ein dårleg kommuneøkonomi. Dette kan til dømes løysast gjennom øyremerka midlar gjennom statsbudsjettet. Tilskotspost til tiltak for Oslofjorden bør også styrkast. Så bør det vurderast om staten må inn å støtte kommunane i det krevjande arbeidet med å oppgradere og følge opp avløpsanlegg og infrastruktur knytt til dette. Dette er nærare nemnt lenger oppe i innspelet.

At det i dette kapittelet blir skrive at det i liten grad vi vere behov for auka personalressursar utover dagens rammer stiller Sabima seg tvilande til. I alle fall med tanke på koordingerings-, involverings- og informasjonsarbeid kan det tenkast at det er behov for auka personalressursar. Det er også sannsynleg at både statsforvaltar og kommunar har behov for ekstra personalressursar for å ha kapasitet til å følgje opp alle tiltak på ein god måte. Oppgåver lagt på toppen av allereie overarbeida tilsette er sjeldan noko som blir prioritert og følgt opp på ein

god måte, og då blir ofte resultata deretter. Ein god handlingsplan er ikkje god med mindre det følg midlar og ressursar med tiltaka som er naudsynt for å nå måla.

Venleg helsing

Ellen Hestnes Ribeiro
Fungerande Generalsekretær